



VEIT IKKJE: Verken rådgjevar Ingrid Husevåg Døskeland eller dagleg leiar Marcos Amano ved Robin Hood-huset har inntrykk av at rumenarane veit at det er mogeleg å få reisestøtte når dei kjem til Bergen. Dette er noko som kjem opp etter kvart, når alt har gått i stå. – Det er grenser for kor lenge folk held ut utan ein stad å bu, eller på ein sovesal hos Bymisjonen med 25 senger og utan pengar, seier Amano.

Nav må betale tiggarbillettar til Romania

Familien på seks fann aldri arbeid i Bergen, og enda opp som tiggjarar. Nå må kommunen betale reisa heim til Romania, seier fylkesmannen.

EYSTEIN RØSSUM
ANDERS HAGA
eystein.rossum@bt.no
foto VEGAR VALDE

– Skal eit trøngt kommunebudsjett brukast til å betale flybillettar heim for folk som ikkje greier seg i Bergen? Dette er ei utfordrande sak for oss, seier sosialbyråd Erlend Horn (V).

Rekning til Nav Bergenhus

Han er ikkje glad for eit ferskt vedtak frå Fylkesmannen i Hordaland. Der blir Bergen kommune pålagt å betale alle reiseutgifter for seks rumenarar – eit ektepar med fire barn i skulealder – attende til Romania. Årsak: Dei kom til Bergen på sein sommaren, men har ikkje greidd å livnære seg her. Planen om å skaffe seg arbeid gjekk i vasken, dei enda opp med å tigge på gata.

Familien har «rett til å få dekket en rimelig reisemåte» til

heimlandet, «samt helt nødvendige utgifter på reisen», skriv Fylkesmannen i sitt vedtak.

Rekninga går til Nav Bergenhus, nærmare bestemt Bergen kommune.

Ikkje einige

Kommunen ville berre gje familien reisestøtte for å kome seg til Oslo. Der kunne ambassaden hjelpe dei, i det minste ved å formidle kontakt med familie eller andre i heimlandet som kunne betale returnen, meinte kommunen.

Fylkesmannen er usamld. Han meiner det ikkje er sannsynleggjort at familien faktisk har slike kontaktar i Romania, og at det difor ikkje er godt nok å hjelpe dei seks til Oslo. Når Nav først har konkludert med at familien har krav på økonomisk naudhjelp, må dei også få hjelpe med heile reisa heim, ifølgje vedtaket.

Har søkt to gonger

– Dersom dette var ei enkeltståande sak, ville eg kanskje sagt at dette kunne kommunen betale. Men slik er det ikkje. Problemstillinga gjeld fleire, seier sosialbyråd Horn.

Det var heller ikkje fyrste gongen rumenaren besøkte Noreg.

FAKTA

Så mange har spurt om hjelpe

- Robin Hood-huset hadde inntil utgangen av oktober i år fått 37 førespurnader som har handla om hjelpe til å kome seg heim (familien i den aktuelle saka hos Fylkesmannen kjem i tillegg).
- 32 av dei 37 førespurnadene kom frå EU-borgarar. 31 av desse 32 var rumenarar.
- Robin Hood-huset serverer 800 gratis måltid i veka. På det meste har dei 200 personar innom i løpet av ein dag.

I mars 2014 var han ein kort periode i Noreg, og søkte så om støtte til å reise til ambassaden og få matrekvisjon. Dette fekk han innvilga.

17 nye saker på ei vike

Så langt i år har kommunen hatt cirka 100 saker der pengelause

utlendingar har søkt om naudhjelp for å kome seg vekk frå byen. Nesten alle sakene gjeld rumenarar, ifølgje Horn.

Og: Fylkesmannens vedtak om at Nav må betale alt, ser også ut til å ha vorte lagt merke til. Kommunen har fått inn circa 17 nye slike saker etter at Fylkesmannen gjorde sitt vedtak fredag 23. november, ifølgje Horn.

Kommunen vil nå vite kva staten meiner om dette spørsmålet. BT har i fleire dagar spurt statsråd Robert Eriksson (Frp) om å kommentere brevet frå Bergen kommune, utan at statsråden har kome attende til oss.

Spør om hjelpe

Robin Hood-huset i Bergen får jamleg førespurnader som handlar om hjelpe til å kome seg heim. Dei har blant anna hjelpt den aktuelle familien med klagesaka.

Dagleg leiar Marcos Amano er glad for at byråd Horn no har bedt statsråden om ei avklaring på kva reglar som gjeld.

– Det er eit godt initiativ. Det trengst ei avklaring rundt EU-borgarar sine rettar til naudhjelp i Noreg og felles nasjonale retningslinjer, slik at Nav veit kva dei skal halde seg til. Eg ser bekymringane for kostnadane dersom Nav skal dekkje heimreisa. Men dersom desse folka ikkje skal få hjelpe til å reise heim: Kva slags hjelpe skal dei då ha rett på her? Ein må også sjå på konsekvensane av at dei blir verande her, seier Amano.


Han er kritisk til den linja som Nav i Bergen har følgt hittil, med å gje reisestøtte berre til Oslo.

– Vi har vore i kontakt med både den spanske og den rumenske ambassaden. Dei er tydelege på at dei ikkje kan betale eller legge ut for billettar heim. Dei færreste kan få hjelpe frå familie i heimlandet. Å eksportere problemet til Oslo – kva er det slags løysing, spør Amano.

Har gått i krigen

Sunnmørsrederen Per Sævik har nå erklært forkjøpsrett på Fjord1-aksjene, som allerede er solgt til Torghatten.

KJELL ØSTERBØ
kjell.osterbo@bt.no
JON TUFTO



Sævik (bildet), som allerede eier 41 prosent av aksjene i Norges største fergeselskap, har flere ganger varslet at han vil kreve forkjøpsrett til Fjord1-aksjene, som Sogn og Fjordane fylkeskommune allerede har solgt til konkurrenten Torghatten ASA.

Sævik har også varslet at han vil forfølge kravet om forkjøpsrett helt til Høyesterett om nødvendig, for å vinne frem.

Vil betale minst like mye

– Havilafjord AS har gitt et konkurrsedyktig tilbod. Det skjedde først gjennom et formelt bud 2. november, som var innenfor sist kommuniserte budfrist, og dernest den 19. november i et revisert forslag. Vi har dessuten klart signalisert vilje til å gå inn på overtakelse av aksjene på samme eller bedre samlede vilkår enn de som foreligger i avtalen med Torghatten AS, understreker Sævik.

Forskjellsbehandling

Fylkestinget i Sogn og Fjordane besluttet med knappest mulig flertall for en uke siden å selge aksjene sine i F1 Holding, hvor de har samlet sine Fjord1-aksjer, til Torghatten i Brønnøysund.

Det er Sæviks selskap Havilafjord som nå skriftlig har erklært forkjøpsrett på aksjene.

Sævik mener at fylkeskommunens handlemåte representerer en klar forskjellsbehandling av aksjonærane, og setter Fjord1 sin fremtid som selvstendig selskap i fare.

Vil forfølge rettslig

– Vi synes også at det er svært uheldig og temmelig oppsiktsvekkende at en offentlig etat legger opp til mekanismar for å omgå aksjelovens regler om forkjøpsrett som er der for å verne minoritetsaksjonærernes interesser. Havilafjord AS vil forfølge sine rettigheter med de rettslige midler som er tilgjengelige, understreker Sævik.